

Skalden frå Sæheim

Dansen om gullkalven

I fleire dikt har me eit tid freista å leita fram humoren hjå Skalden frå Sæheim. Dikt som bak humoren gjerne får det til å tona i alvor.

«Dansen om gullkalven» er av eit anna slag. Det syner at Johs. M. L. Rydland hadde eit vake auga for samfunnsutviklinga. Glad som han var i heimbygd og fedreland.

gljedde han seg når det gjekk folket vårt vel, og syrgde når vonde tider rådde i landet. Men han hadde eit syn og ei vissa om-eit endå betre fedreland. Og hans største arbeidsoppgåve var å leia folk på den vegen som kunne føra dei fram til det lova landet.

«Dansen om gullkalven» er eit dikt me nett i vår tid treng lesa med ettertanke.

Eit alvors-ord som me visst har gløymt,
Me treng i dag få oss lagt på minne.
Det i vår Bibel til oss er gøymt.
No hev me grunn til å fram det finne.
Om gullkalvglansen med ærekransen
og Herrens harm i mot avgudsansan
i Israel.

I dag gjeng dansen i Noregs land
i kring ein gullkalv frå velferdsstaten.
Me syng og tilbed og hyller han
som hev slik omsorg for folkebaten.
Men denne dansen i mammonsglansen
tek frå vårt folk både syn og sansen
for Herrens Ord.

No hev me nøgdi av vin og mat.
På mynt og moro det ikkje skortar.
Og difor ligg me so paddeflat
som ku på båsen og vælnøgd jortar.
Å, kor me trenger om lerkevenger
som lyfter oss gjennom alt som stengjer
vår veg til Gud.

Johs. M. L. Rydland